

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.9	Knut Øyjordet	19.12.22	37/22

KLAGE FRÅ ELGJAKTLAGET I SJOLIA ANG. TAMREIN I BARSKOGEN UNDER JAKTA, OG SØKNAD OM REFUSJON AV M.A. GRUNNAVGIFT

Saksdokument:

1. Brev frå elgjaktlaget i Sjolía v/Svein Rune Damstuen av 14.11.22 til fjellstyret.
2. E-post frå fjellstyret av 25.11.22 til Vågå Tamrein v/Dag Inge Bakke.
3. E-post frå Vågå tamrein av 28.11.22 til fjellstyret.

Saksutgreiing:

Elgjaktlaget i Sjolía har sendt eit brev til fjellstyret attpå årets jakt, der det står følgjande: «Som kjent er Sjolía nå brukt til haustbeiteområde for Vågå Tamreinlag. Vi gjekk inn med den forståelse av at barskogen ikkje er ein del av beiteområdet til Vågå Tamreinlag. Første jaktdagen var det ikkje rein i feltet, og vi fekk felt eitt ungdyr. Alt på andre dag kom rein inn i feltet, og elgen trekte ut, tydelegvis mot Heidalsområda. Reinen heldt seg i terrenget heile jakta. Vi avslutta jakta 1. november med om lag 2-300 rein i feltet og ein elg som resultat.

Av eldre jegerar har vi høyrte at rein i Sjolifeltet ikkje var noko problem i tidlegare tider. Vi ber fjellstyret drøfte årsak til dette. Det er vidare ikkje nødvendig å peike på andre ulemper som frustrasjon ved tidsbruk, mange jakttimar og ulempe for opptrening av hund m.m. Vi er sjølvsagt klar over at det er frivillig å drive jakt, men det er kostnader tilknytt jakta som likevel skal forsvarast. Vi vil be om at det blir klargjort i avtale om bruken av barskogen i Sjolía skal nyttast til storviltjakt eller reinsbeite, refusjon av fellingsavgift og refusjon av husleie i Sjobu`n»

Det vart tatt kontakt med jaktlaget for å få klarheit i m.a. at «Avtale» er meint hamneleigekontrakta mellom fjellstyret og Vågå Tamrein. Fellingsavgift er meint grunnavgift, og refusjon er å betrakte som ein søknad om refusjon.

Det vart også sendt ein e-post til styrelederen i Vågå Tamrein, og bede om å få ei tilbakemelding om m.a. kva som har vorte gjort frå tamreinlaget si side med å få reinen bort frå barskogen i elgjakta. I svaret står det:

«At det blei ein haust med mykje rein i skogen, er det ingen tvil om. At det har vore rein samanhengjande i Sjolie kvar dag i heile jakta stemmer ikkje, men det har vore store utfordringar på dei fleste kantar i haust. Terreng over 1200 m.o.h. fekk eit snøfall tidleg, og det blei ei ishinne. Særleg i sør, der det kom mest snø, blei det umogleg å halde rein. Så alt trekte frå Valdresflya og nord til Refjellet. Her ville heller ikkje rein stå oppe i toppane, så når dei blei jaga til fjells, så slepte dei seg ned på motsett side. Med dei forholda som var, så er det òg umogleg å samle rein, så det har vore ein haust med mykje småflokkar rundt om.

Vågå Tamrein har sett på ekstra gjetar i haust, og det har vore jobba hardt, men diverre har ein uansett ikkje rundt alle plasser. Rein trekker gjerne ut om natta, og diverre kjem ein fort i

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

etterkant med å drive dei ut igjen. Gjetarane må kvar dag prioritere kvar dei skal legge innsatsen, og så lenge det er rein ut på skogen mot Nord-Fron, så må ein legge hovudinnsatsen på den kanten. Det har rett og slett med vår eksistens å gjere, da det er ei aktiv kampanje mot oss i Skåbu. Vi har og eit ynskje om å kunne få lurt rein over Sjoa tidlegare, men med mykje vatn i elva, og ikkje noko is på vatna, så har heller ikkje det vore mogleg. Utan skuterføre så er det i tillegg stor risiko for samanblanding med Lom, da dei har rein i Veodalen, og framover mot Sjudalen.

Frå den dagen eg blei kontakta av laget i Sjolie, så ser eg jo at det traff dårleg dei to siste helgene, med nordavind, og rein som trykte på den kanten. Veit òg at gjetarane har kommentert det eg har forklart ovanfor. Noko eg godt forstår at jegerane i Sjolie ikkje likar å høyre, og slik sett kjem det fort dårleg ut, når ein skal forklare at andre område er høgare prioritert. Så lenge det er levande dyr og vèr som styrer, så kan vi aldri få full kontroll. Det er diverre ein del av reindriften. Vi tek gjerne ein prat seinare, for å evaluere hausten».

I feltet «Sjolia» har det vorte felt 3-4 elgar årleg dei seinare åra. For i år vart det fastsett ei grunnkvote på tre elgar. Grunnavgifta er på kr. 3.500 pr. dyr. Det er inngått treårskontrakt med laga, men kontrakten kan seiast opp etter fyrste eller andre året (frist 1. februar). Jakttida på elg er frå 25. september til ut oktober, men med moglegheit for forlenga jakttid om nødvendig. I utlysinga av elg- og hjortejakt i vinter, vart dette med tamrein nemnd i informasjon om feltet. Det sto følgjande: «Utover i jakta kan det opphalde seg ein del tamrein i jaktfeltet, som kan skape problem med bruk av laushund». Det kan elles opplysast at jaktlaget i Sjolie fekk ca. 10. november munnleg tilbod om å kunne jakte elg i eit anna felt i Langmorkje (Synstlie-Kvitingen), men takka nei til det.

Vurdering:

Det er ingen tvil om at det har halde til mykje tamrein i store delar av Sjoli-feltet nå i haust. Allereie frå tidleg i elgjakta var det rein der, noko som ikkje er så vanleg. Normalt kjem det inn rein her utover i oktober, noko som jaktlaga er klar over og førebudd på kan skje. Styreleiaren i Vågå Tamrein har gjeve ei grundig forklaring på situasjonen for reinen nå i haust. Hendingar med at tamrein held til i barskog over tid er forhold som fjellstyret må ta opp med Vågå Tamrein, fordi det i pkt. 1 i hamneleigekontrakta står at «Beiteområdet omfattar heile Langmorkje statsallmenning med unntak av dei områda som har barskog». Kontrakten gjeld i ti år, og skal reviderast i 2023.

Det vil sikkert vera ulike meiningar om kvifor eit jaktlag ikkje lykkast i felling av ei grunnkvote. Men det er nok ikkje mykje tvil om at tilhald av tamrein i Sjolie i haust har påverka utøvinga av jakta. Det er elles forståeleg at jaktlaget takka nei til å jakte elg i eit anna jaktfelt når tilbodet kom etter at jakta var avslutta og laget hadde «pakka saman». Spørsmål om refusjon av grunnavgift er ikkje «daglegdags», og er ei prinsipiell sak. Bruk av grunnavgift og beløp for denne bestemmer fjellstyret.

Innstilling til vedtak:

Fjellstyret registrerer at det i haust har halde til ein del tamrein i Sjolie, og at dette har skjedd over lengre tid enn det som er vanleg. Fjellstyret vil ta opp dette med Vågå Tamrein i eit eige møte m.a. fordi tilhald av rein i barskog ikkje er i tråd med pkt. 1 i hamneleigekontrakten mellom fjellstyret og Vågå Tamrein.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	90966277	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Fjellstyret har forståing for at tilhald av tamrein i Sjolía over eit lengre tidsrom i haust og allereie frå tidleg i elgjakttida, var til ulempe for jaktlaget der, og er ei viktig årsak til at laget ikkje felte fleire enn ein av tre elgar. Sjølv om fjellstyret ikkje reknar med mange slike søknader i åra framover, så er spørsmål om refusjon av grunnavgift uansett ei prinsipiell sak. Fjellstyret vedtek at jaktlaget i Sjolía får refundert grunnavgift for ein av dei to elgane som ikkje vart felt på grunnkvota. Fjellstyret imøtekjem ikkje søknad om refusjon for utgifter med leige av husvære i jakta.

Vedtak:

Samrøystes: Fjellstyret utset til neste møte behandling av klage frå elgjaktlaget i Sjolía ang. tamrein i barskogen under jakta og søknad om refusjon av m.a. grunnavgift. Dette fordi fjellstyret er usikker på habiliteten til enkelte fjellstyremedlemmer i saka.

Rett utskrift. Går til:

Elgjaktlaget i Sjolía v/Svein Rune Damstuen

Vågåmo, 19.12.22

Knut Øyjordet (e.f)